



# MODALEN KOMMUNE

## RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2020 – 2024

Revidert utgåve

Vedtøken i kommunestyret 11.06.20

INNHALD	SIDE
<b>Saksgong 2019 - 2020</b>	3
<b>Historisk tilbakeblikk – etablering og utvikling av planen</b>	4
<b>Skildring av rusmiddelsituasjonen i Modalen kommune</b>	6
<b>Statlege mål</b>	6
<b>Modalen kommune sine mål og strategiar</b>	7
Overordna mål for rusmiddelpolitikken	7
Utfordringar 2013 – med evalueringar	9
Utfordringar 2019	9
<b>Tiltaksplan</b>	10
Allmennførebyggjande tiltak	10
Førebyggjande tiltak	10
Kompetanse	11
Samhandling	11
Behandling, rehabilitering og ettervern	11
<b>Tiltak for å regulere tilgjenge til alkohol</b>	12
Retningsliner for sals- og skjenkeløyvepolitikken	12
Retningsliner for salsløyve	12
Retningsliner for skjenkeløyve	12
Tal på løyve	12
Generelt skjenkeløyve	13
Einskildløyve	13
Ambulerande løyve	13
Det vert ikkje gjeve løyve til	13
Skjenketider	13
Gebyrinntekter	14
Kontroll	14
Sakshandsaming	14
Reaksjonar ved brot på alkohollova m/ forskrifter	14
Delegasjon av fullmakt etter alkohollova, jfr. § 1-12	15
Informasjon og samarbeid	15

## Saksgong 2019 - 2020

Kommunestyret vedtok i møte 14.02.19, sak 009/2019, at "Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2013 – 2017" skulle reviderast i løpet av 2019.

Kommuneoverlege PhD, Frøydis Gullbrå, gjorde ei vurdering av om det låg føre moglege negative helse-/folkehelse relaterte erfaringar i perioden for førre plan som skulle indikere behov for vesentlege endringar i den reviderte utgåva. Resultatet av denne vurderinga var at der er endringar i rusbruk og omfang i Modalen som i andre kommunar, men ikkje i ei slik grad at det skulle tilseie store endringar i handlingsplanen.

Planen vart lagt fram for formannskapet 28.04.20 og deretter ut på høyring i 4 veker.

## Historisk tilbakeblikk – etablering og utvikling av planen.

2012: Formannskapet vedtok i sak 062/12 fylgjande:

*Rådmannen får fullmakt til å etablere ei tverrfagleg arbeidsgruppe for utarbeiding av rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune. Representantar frå oppvekst, helse og kultur må vera representert inn i gruppa.*

*Arbeidsgruppa skal gå gjennom kommunen sine rusførebyggjande tiltak og tiltak for rusmiddelavhengige. Det må gjerast ei vurdering av korleis ein bør utvikle tiltaka, samt fremje forslag til nye tiltak for å møte utfordringar og endringar. Sals- og skjenkepraksis i kommunen skal inngå i vurderingane. Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.*

*Arbeidsgruppa starta opp arbeidet med prosjektplan 12.02.13. Gruppa har hatt denne samansetninga: Jahn Olav Nordheim, Frøydis Gullbrå, Inga Jorunn Nåmdal, Oddvin Neset, Jorunn H. Brekklus. Politiske representantar i gruppa valde av Formannskapet: Tone S. Skuggevik og Harald Farestveit. Arbeidsgruppa har nytta Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan (Sosial og helsedirektoratet) som mal og rettleiing til utarbeiding av plandokumentet. KoRus Vest - Bergenslinikkane har bistått med rettleiing undervegs i planarbeidet.*

*Alkoholpolitisk handlingsplan for Modalen kommune vart vedteken i Kommunestyret 8. november 2000 i sak 043/00. Både lovverk og samfunnsutviklinga gjer at planen er moden for revisjon.*

*Ein rusmiddelpolitisk handlingsplan er meint å vere eit tverrfagleg og tverretatleg arbeidsreiskap for å kontrollere og redusere rusksadar i lokalsamfunnet. Dette gjer at vi må sjå dei rusmiddelpolitiske utfordringane i samanheng, prioritere førebyggjande tiltak og hjelpetiltak ut ifrå Modalen kommune sin situasjon og behov. Alle typar førebyggjande tiltak, løyvepolitikk, oppfølging og rehabilitering av rusmiddelmissbrukarar bør inn i ein samla plan. Kommunen sine ruspolitiske strategiar er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet vedkjem helsetenesta, sosialtenesta, skule, kultur- og organisasjonsarbeid. For å løyse utfordringar knytt til rusmiddel, er det heilt nødvendig å samarbeide innad i kommunen, mellom kommunar og på sentralt nivå. Planen inneheld og føreskrift med reglar for opningstider, skjenketider og salstider for Modalen kommune.*

### 2019

I samband med tildeling av eit skjenkeløyve i februar 2019 vart det i kommunestyret vedteke å revidere planen. Ein *revisjon* er ein enklare gjennomgang av planen, medan ei *rullering* er meir djuptgripande. Revisjonsarbeidet vart administrert/leia av ass. rådmann Ove Sæbø i tett samarbeid med kommuneoverlege Frøydis Gullbrå.

Det vart ved oppstart av revisjonsarbeidet sendt ut brev med førespurnad om innspel til revisjonsarbeidet til sentrale aktørar som:

- Barnevernet v/ Vaksdal kommune
- NAV v/ NAV Fensfjorden (Masfjorden).
- Lensmannen i Nordhordland.
- Mo skule v/ rektor Jahn-Olav Nordheim
- Modalen barnehage v/ styrar Grete Urdal

- Helsesenteret v/ kommuneoverlege Frøydis Gullbrå
- Teknisk etat v/ teknisk sjef Tone S. Skuggevik
- Kundetorget (kultur, folkehelse) v/ leiar Anneli V. Lilletvedt.
- Ungdomsrådet v/ sekretær Kristin Nåmdal.

Planen vart drøfta i rådmannen si leiargruppa 21.08.19.

I revisjonsarbeidet vart det gjort ei vurdering av om det var sider den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skal ivareta som har endra seg i perioden 2013 – 2019. Her var ein særleg oppteken av den generelle helsesituasjonen (folkehelse) hjå innbyggjarane, oppvekstvilkår blant barn og unge, samt øvrige sider ved samfunnsutviklinga i Modalen kommune kor alkoholpolitikken spelar ei rolle. I tillegg søkte ein å vurdere dei næringspolitiske og kulturpolitiske områda kor det er viktig å finne ein god balanse utan å svekkje planen sin intensjon om å på best mogleg vis ivareta flest mogleg.

### **Folkehelse i plan/oversikt**

I *Folkehelseoversikten* i Modalen kommune (2017) er det under helsereelatert åtferd vist til avsnitt om alkohol.

*Kommuneplanen* problematiserer fleire sider som omfattar god folkehelseutvikling og barn sine oppvekstvilkår.

Det er ikkje noko i folkehelseoversikten eller kommuneplanen som tilseier at det er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i revisjonsutgåva som no ligg føre.

*Strategisk næringsplan for Modalen kommune* (2017) har ei offensiv tilnærming til m.a. sentrumsutvikling. Det er rådmannen si vurdering at dette ikkje utfordrar kommunen på å samstundes sikre ein restriktiv alkoholpolitikk i tråd med nasjonale føringar.

*SN sitt bærekraftsmål nr. 3* har i sine delmål (pkt. 3.5) at ein skal « styrkje førebygging og behandling av misbruk, blant anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol». Regjeringa viser til SN sine bærekraftsmål i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023». Modalen kommune føl opp målet i denne planen.

Aktuelle lover som er relevant for denne planen:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- Lov om pasient- og brukarrettar.
- Lov om folkehelsearbeid
- Lov om barneverntenester
- Lov om vern mot smittsamme sjukdommar
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern
- Lov om sosiale tenester I NAV
- Alkohollova

## Skildring av rusmiddelsituasjonen i Modalen kommune

Det er ikkje gjort systematiske undersøkingar som dokumenterer rusmiddelbruk som problem i kommunen. Om ein kommune er liten eller stor vil det alltid kunne vera nokon som i ein eller annan grad har utfordringar knytt til eige eller nærstående personar sin rusmiddelbruk. Slik er det og i Modalen kommune.

I samband med planarbeidet (2013) vart det gjort ei enkel kartlegging av rusmiddelsituasjonen i kommunen. Det vart førespurt tilsette innan helse, sosial, politi og barnevern. På grunn av små tal vart kartlegginga unnateke offentleg innsyn.

Oversynet viste likevel at det også i Modalen bur menneske med byrjande, moderate eller alvorlege problem knytt til alkohol og medikamentbruk. Utifrå kartlegginga frå 2013 såg ein ikkje då at bruk av narkotika eller anabole steroidar var representert. Ved ny gjennomgang no i 2019 veit ein at bruk av illegale narkotiske stoff førekjem i ei viss utstrekning også i Modalen .

Tal syner at alkoholsal over disk i Modalen har vore stabilt dei siste tre åra.

Talet på innbyggjarar som treng hjelp frå kommunen si sosialteneste som fylgje av rusmisbruk er lågt og har ikkje endra seg dei siste ti åra.

Lensmannen i Nordhordland meldte i 2013 at det var svært lite problem knytt til rus og skjenking i kommunen generelt sett. Unntaket var enkeltarrangement i samband med modalsdagane kor lensmannen rapporterte at det då vart registrert mykje rus.

## Statlege mål

Dei siste åra har landet vårt gjennomført viktige reformer og tiltak med verknad for rusmiddelpolitikken. Alkoholova, opptrappingsplan for psykisk helse, rusreforma, handlingsplan mot fattigdom, NAV-reforma og samhandlingsreforma er nokre døme. Om ein skal lukkast med å redusere rusproblema i samfunnet må fleire sektorar vera med.

Stortingsmelding nr. 30 *Se meg* (2011) set fokus på alkohol, narkotika, vanedannande legemidlar og doping som samfunnsproblem og ser ruspolitikken i eit større perspektiv enn berre å fokusera på dei som rusar seg.

Nasjonale helse- og omsorgsplan (2011-2015) gjev overordna føringar for folkehelsearbeidet og helse- og omsorgstenestene. Målet på folkehelseområdet er fleire leveår med god helse i befolkninga og redusert helseulikskap mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

Samhandlingsreforma er ei reform for auka satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid. Regjeringa legg vekt på ein heilskapleg rusmiddelpolitikk. Frå førebygging, tidleg innsats og hjelp til dei som har omfattande rusproblem til ein politikk som også tek i vare pårørande og tredjepart som vet råka av skader av rusmiddelbruk. Gjennom ein eigen strategi for auka kompetanse og betre kvalitet vil regjeringa styrke kunnskap om rusproblematikk. Barn, unge, pårørande og menneske med særleg omfattande hjelpebehov må få auka merksemd. Tilbodet til dei som er tyngst råka skal og styrkast.

I rundskriv IS1-2013 ber Helsedirektoratet mellom anna om at kommunane:

- Opprettheld, vidareutviklar og styrkar kapasitet og kompetanse innan rusarbeid og psykisk helsearbeid.
- Ser innsatsen på fagfelte psykisk helsearbeid og rusarbeid i eit brukarperspektiv og i samanheng med folkehelsearbeid.
- Styrkar tilbodet til barn og unge med samansette problem gjennom godt koordinerte tenester bygd på internt tverrfagleg samarbeid, samarbeid med fylkeskommunen om å førebyggje «drop out» frå vidaregåande skule og etablering av samarbeidsrutinar med spesialisthelsetenesta. Vektlegging av lågterskeltilbod og oppsøkjande tenester.
- Styrkar tilbodet til eldre med psykiske problem og/eller rusrelaterte problem.

Helse- og omsorgslova syner at *“Helsefremmende og forebyggende arbeid skal bl. a. omfatte systematiske tiltak for å identifisere personer som står i fare for å utvikle psykisk eller somatisk sykdom, lidelse eller helseproblem, sosiale problemer eller et rusmiddelproblem og iverksette forebyggende tiltak og tidlig intervensjon i henhold til anerkjent faglig standard.”*

Skadar og problem påført andre enn den som drikk, passiv drikking, er omfattande og får lite merksemd. Auka kunnskap om skadeverknader må vera ein viktig del av det førebyggjande arbeidet. Samhandlingsreforma er retningsgjevande for innsatsen mot rusproblem og regjeringa legg særleg vekt på fem område:

- Førebygging og tidleg innsats
- Samhandling – tenester som arbeidar saman
- Auka kompetanse og betre kvalitet
- Hjelp til tungt avhengige – redusere overdosedødsfall
- Innsats for pårørande og mot passiv drikking.

I regjeringa sin *opptrappingsplan for rusfeltet 2016 – 2020* vert det lagt til grunn 3 satsingsområde:

- Tidleg innsats for å førebyggje rusavhengigheit
- Behandling
- Oppfølgingstenester etter behandling.

Førebyggjande arbeid er ofte det som gjev best resultat. I Modalen inneber dette ei satsing på barn og unge gjennom m.a. helsestasjon. I tillegg er det eit lovkrav frå 1. jan 2020 at alle kommunar skal ha tilknytt eigen psykolog – noko som vil ytterlegare styrkje kommunen sitt arbeid med å sikre barn og unge av personar som er psykisk sjuke eller har rusproblem. Rusfrie fritidsaktivitetar, inkludert idrett er også gode førebyggjande tiltak.

## Modalen kommune sine mål og strategiar

### Overordna mål for rusmiddelpolitikken

Alkohol ser ut til å vere inngangsporten til bruk av andre rusmiddel. Kommunen vil difor prioritere helsefremjande og førebyggjande innsats i høve til ungdom og alkohol.

#### Evaluering 2019:

*Dette er ein strategi Modalen kommune vil vidareføre. Kommunen har i perioden hatt ei vesentleg satsing på kulturområdet som rettar seg mot lag og organisasjonar som lagar gode og allsidige tilbod til*

*barn og unge. Helsesenteret har særleg merksemd og oppfølging av elevar på skulen. Kommunen organiserer fritidsklubb ein gang i veka for barn og unge frå 5. til 10. trinn. Bryggjeslottet er kommunen sitt allaktivitetshus. Her er barn og unge ei prioritert brukargruppe i samband med m.a. jamnleg trening. Kommunen syt for arbeidstilbod i sommarferien til unge i aldersgruppa 16 – 23 år. Dette skal bidra til å oppleve tilhøyre og mening.*

Hovudfokus må vera å styrkje dei faktorane som skjermar barn og unge mot skadar og belastningar knytt til eige eller andre sin bruk av rusmiddel.

*Evaluering 2019:*

*Gjennom skjenke- og salsløyvepolitikken kommunen har navigert etter sidan 2013 er vurderinga at denne i høg grad har vore vellukka i arbeidet med å skjerme barn og unge. Dette er den konkrete verknaden av reguleringa kommunestyret har vedteke i handlingsplanen. I tillegg har det vore viktig å sikre flest mogleg arenaer for barn og unge kor dei ikkje vert eksponert for alkohol – eller andre sin alkoholbruk. I den praktiske kvardagen har rådmannen vurdert å vere tydelegare på å sikre at arrangement retta mot både vaksne og barn/unge skal vere alkoholfrie. På det grunnlaget vil ein vidareføre den same lina i kommande periode.*

Kommunen er grunnpilaren i velferdstilbodet og har eit omfattande ansvar for menneske med rusrelaterte problem. Ansaret fylgjer av lovverket.

Kommunen skal stille til rådvelde både akutt behandling og oppfølging. Godt samarbeid med spesialisttenesta og kompetansehevande tiltak må ha prioritet. Ein må ha kunnskap for å kunne sjå, avdekke og reagere. Av di kommunen er så liten, vil fagetatane ofte mangle mengdetrening.

*Evaluering 2019:*

*Helsetenesta i kommunen tilbyr oppfølging av personar med rusrelaterte problem, både gjennom legeteneste og psykisk helse-og rusteneste. Me har godt samarbeid med spesialisert rusbehandling i spesialisthelsetenesta der dette er naudsynt. Det blir gitt individuelt tilpassa oppfølging, og det har vore kapasitet i tenesta til å følgje pasientar tett der dette er naudsynt. Psykisk helseteneste har dei siste åra hatt spesielt fokus på å halde kontakt med unge utafør arbeidsliv og studie – desse er også i risikosone for å utvikle rusproblem.*

Kommuneplanen har som visjon at Modalen kommune skal vera den beste kommunen å bu i. Modalen kommune skal vera ein stad der både unge og eldre trivst. Innbyggjarane skal ha tilgang på fritid og kulturtilbod uavhengig av funksjonsnivå. Tilboda skal vera stimulerande fysisk, mentalt og sosialt.

*Evaluering 2019:*

*Denne strategien har vore vellukka og sørga for at kommunen har hatt gode haldepunkt undervegs i perioden. Kommunen vel å oppretthalde denne også i fortsetjinga gjennom aktiv støtte til lag og organisasjonar, samt enkeltmenneske som syt for aktivitet for andre. I perioden har kommunen i samarbeid med lag/org. utarbeida ein eigen frivilligplan som skal synleggjere den frivillige innsatsen som vert utøvd i Modalen – i tillegg til å synleggjere dei ulike tilboda som finns.*

*Modalstunet føl opp med eiga satsing på eldre gjennom onsdagstreffene kor det vert invitert til møtedag for alle eldre i kommunen som ynskjer. Det er også kommunalt arrangert eldretrim på Bryggjeslottet ein dag i veka, leia av fysioterapeut.*



Folkehelsearbeid er alt arbeid som fremjar helse og trivsel, og som førebyggjer sjukdom, skade og liding. Den største sjukdomsbelastninga den vestlege verda i dag er sjukdommar knytt opp til levevanar. Det er ålment kjent at hyppig bruk av rusmidlar gjev auka helserisiko. Mykje av grunnlaget for god helse gjennom heile livet vert lagt i barne- og ungdomsåra. Dette perspektivet er viktig å ha for auga i planarbeidet i kommunen.

#### *Evaluering 2019:*

*Dette er ein overordna strategi som kommunen vel å vidareføre m.a. inn i arbeidet med ny planstrategi. I 2017 vart det utarbeidd eigen folkehelseoversikt for Modalen kommune. Denne skal reviderast i 2021. Oversikten er utarbeidd på tvers av einingane og skal identifisere sårbaheitar og ressursar innanfor folkehelsearbeidet. Kommunestyret har vedteke at det skal utarbeidast kulturplan for Modalen kommune. Denne skal også innehalde plan for idrett, friluftsliv og folkehelse. Planen er planlagt vedteken i kommunestyret våren 2020.*

#### Utfordringar 2013 – med evalueringar

- Ikkje alle i befolkninga nyttar fritidstilboda i kommunen.

#### *Evaluering 2019:*

*Det er framleis slik at ikkje alle nyttar tilboda, men i frivilligplanen er det vist til at innbyggjarane har relativt høg grad av medlemskap i lag/org. i Modalen. Kommunen vil gjennom satsing på folkehelseoversikt (2017), frivilligplan (2018) og kulturplan (planlagt ferdigstilt 2020) styrke fritidstilboda.*

- Ungdommane må flytte tidleg på hybel.

#### *Evaluering 2019:*

*Dette er ein risikofaktor som vil vedvare. Likevel kan ein tenkje seg at det skal vere gode kollektivløysingar slik at dei unge har eit reellt val utover å flytte på hybel som 16-åring.*

- Sosial lærdom ved skjenking på arrangement, sosiale treff som er opne for barn og unge.

#### *Evaluering 2019:*

*Kommunen har i perioden skjerpa inn praksis som tilseier at barn/unge ikkje skal kunne ta del på arr. kor det vert servert alkohol. Slik sikrar ein betre skjerming mot sosial lærdom.*

- Liten kommune, vanskeleg å kunne ha spisskompetanse på alle felt.

#### *Evaluering 2019:*

*Dette vil vere ei utfordring også framover. Å vere medviten dette set oss i stand til å handle på reflektert vis.*

#### Utfordringar 2019

- Ein ser noko auka bruk av illegale rusmidlar også i Modalen. Det bør arbeidast for å hindre rekruttering av nye personar til slike rusmiljø. Dette kan gjerast gjennom å halde fram med

gode, attraktive fritidstilbud for unge, informasjons- og haldningskampanjar i skulen og ved observasjon av slike miljø – gjerne gjennom ungdomskontakt.

- Ungdom utan arbeid eller studieplass er særleg utsett for rusvanskar, og ein bør halde fram fokus på å ha kontakt med desse.

## Tiltaksplan

### Allmennførebyggjande tiltak

Modalen kommune har mange tiltak og aktivitetar som er positive for folkehelsa og som verkar rusførebyggjande. Det at menneske ser kvarandre, møtest og tek seg tid til å prate er i seg sjølv både rusførebyggjande og generelt helsefremjande. Modalen kommune har eit aktivt idrettstilbud, tilrettelagde løyper for naturopplevingar og lett tilgang til sosiale møteplassar. Det finns mange aktive lag og organisasjonar i kommunen, og det er etablert gode tilskotsordningar til desse.

**Tiltak:** Me vil styrke og oppretthalde dei tilbod og aktivitetar me har i dag og som verkar positivt på folkehelsa.

Me legg til grunn folkehelseoversikt (2017), frivilligplan (2018) og kommande kulturplan (planlagt ferdigstilt i 2020).

### Førebyggjande tiltak

Det tverrfaglege arbeidet i kommunen er viktig med tanke på førebygging overfor risikoutsette grupper. Modalen kommune legg i dag til rette for fylgjande førebyggjande tiltak:

- Eit aktivt lagsliv med tilbod til alle aldersgrupper gjennom økonomisk stønad.
- Tilsett ungdomsarbeidar som driv ungdoms-/juniorklubb
- Tilbod til befolkninga om subsidierte årskort for bruk av Bryggjeslottet.
- Merka og rydda turløyper i heile kommunen.
- Barnehage og skule der næringsrik og sunn kost er ein del av det daglege tilbodet.
- Barnehage og skule der friluftsliv er i fokus.
- Eit rikt kulturliv med konsertar, temadagar og aktivitetstilbod både for innbyggjarar og tilreisande.
- Lågterskeltilbod: Helsesjukepleiar og psykisk helse er aktivt deltakande i skulemiljøet.
- Interkommunalt samarbeid med Ungdomskontakten Salto i Knarvik.
- Låg terskel for tildeling av støtte-/aktivitets-/treningskontakt.
- Dagtilbod for eldre for å stimulere til aktivitet og førebyggje isolasjon.
- Kommunal fysioterapeut i samarbeid med pensjonistlaget gjev treningstilbod i Bryggjeslottet.
- Tilbod om sommarjobb for ungdom i alderen 16 t.o.m 23 år (ungjobb).
- Rusfritt arrangement 16. mai i Bryggjeslottet. Fotballkamp på storskjerm.
- Arrangere rusfri konsert/arrangement for ungdom i samband med modalsdagane.
- Sikre rusfrie møteplassar:
  - ved alle arrangement som er retta mot barn og unge.
  - ved alle arrangement som er retta mot familiar.
  - ved alle idrettsarrangement.

Arrangement der det kan skjenkast alkohol skal vera retta mot eit vakse publikum.

Slike arrangement skal sikrast tilstrekkeleg vakthald ut ifrå forventa tal besøkjande og risiko.

### Kompetanse

Modalen kommune ser det som viktig å ha og vedlikehalde kompetanse om rus i organisasjonen gjennom å:

- Sikre at personale i barnehage, skule og helse- og sosialtenesta har nødvendig kompetanse for å kunne sjå, avdekke og reagere.
- Byggje faglege nettverk. Små einingar, einsame postar gjer nettverksbygging særleg viktig.
- Utvikle tverrfaglege arenaer, Distriktpsykiatrisk senter (DPS), Frisklivsentralen.

### Samhandling

Helse- og omsorgslova pålegg kommunane eit samla ansvar for å yte tenester til befolkninga. For å kunne få til dette må me ha:

- Fokus på tett samhandling innan kommunen (NAV, skule, helse, pedagogisk-psykologisk teneste og kultur).
- Samhandling med spesialisttenesta (barne- og ungdompsykiatrisk poliklinikk, vaksenpsykiatrisk poliklinikk).
- Samarbeid med lensmann/politi (førebyggjande strategiarbeid/haldningsskapande, kurs, temakveldar)
- Samarbeid med Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule.
- Samarbeid med Bergensklinikkane, KoRus-Vest Bergen, som er kommunane sitt kompetansesenter.

Ved å ha etablert eit klima for tett samhandling, har ein opparbeidd låg terskel for kontakt når det oppstår behov.

### Behandling, rehabilitering og ettervern

Når rusmisbrukaren ynskjer hjelp må tiltaka tilpassast individuelt med sikte på å hindre forverring og lindre/avslutte kronisk tilstand ved å:

- Hjelp den einskilde til å kome bort frå misbruket sitt.
- Gje råd, rettleiing og hjelp til misbrukaren og den næraste familien hans/hennar.
- Syte for behandlingsopplegg i nærmiljø eller institusjon.
- Utarbeide tiltaksplanar.

Tiltak:

- Tilby rusmisbrukarar heilskapleg oppfølging og rehabilitering.
- Tilby pårørande heilskapleg støtte og rettleiing.
- Innføre ansvarsgrupper og Individuell Plan (IP) i arbeidet. Formalisere samarbeidet med spesialisthelsetenesta ved avdeling for rusmedisin i Helse Bergen.

## Tiltak for å regulere tilgjenge til alkohol

### Retningslinjer for sals- og skjenkeløyvepolitikken

Alkoholova § 1-7 gjev kvar einskild kommune høve til å setje ei grense for kor mange sals- og skjenkeløyve ein ynskjer å ha. Modalen kommune har ikkje hatt slik grense.

Det låge folketalet gjer at etterspurnaden frå verksemder som søkjer sals- og skjenkeløyve vil vera avgrensa. Auka satsing på turisme gjer at talet på skjenkeløyve kan variera frå år til år, og frå årstid til årstid. Det vil vera større behov for skjenkeløyve sommarhalvåret enn vinterhalvåret.

Det vert i planen ikkje sett tak på tal løyve. For tildeling av løyve vert det i staden stilt klare krav til driftsopplegg.

Det vert ført aktiv kontroll med at løyva vert forvalta i tråd med lover og reglar og dei vilkår som er stilt når løyvet vert innvilga.

### Retningslinjer for salsløyve

Løyve til sal av øl, vin og brennevin, som inneheld mellom 2,50 og 4,75 volumprosent alkohol, kan verta gjeve på grunnlag av desse retningslinjene til daglegvareforretningar når verksemda stettar dei krava som vert stilt i lov og forskrifter.

1. Sal av øl, vin og brennevin, som inneheld mellom 2,50 og 4,75 volumprosent alkohol, kan berre gå føre seg innanfor følgjande tidsrom:

Måndag – fredag: kl. 08.00 – 20.00

Laurdag og dagar før helgedagar: kl. 08.00 – 18.00 (gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag).

Sal på påske-, pinse-, jul- og nyttårsafta skal vera som for laurdagar. Sal er elles forbode på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai og på røystedagar for kommune- og stortingsval.

2. Salet skal gå føre seg i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det vert ført aktiv kontroll med at løyva vert forvalta i tråd med lover og reglar og dei vilkår som er stilt når løyvet vert innvilga.
3. Det skal svarast ei årleg avgift for salet, med heimel i forskrift og rekna utifrå omsetnad.

### Retningslinjer for skjenkeløyve

Løyve til skjenking av øl, vin og brennevin kan verta gjeve på grunnlag av desse retningslinjene, til verksemder som stettar dei krava som vert stilt i lov og forskrifter. Kvar skjenkestad skal ha sitt eige løyve, jfr. merknader til alkoholova, punkt 1.4b.3.1.

#### Tal på løyve

Tal løyve er ikkje avgrensa. For tildeling av løyve vert det i staden stilt klare krav til driftsopplegg. Det vert ført aktiv kontroll med at løyva vert forvalta i tråd med lover og reglar og dei vilkår som er stilt når løyvet vert innvilga.

### Generelt skjenkeløyve

Alminneleg løyve for skjenking av brennevin, vin og øl kan gjevast til:

- Serveringsverksemdar som er retta mot eit vakse publikum der kommunen meiner staden sin karakter tilseier at skjenking er forsvarleg, jfr. alkoholova § 1-7
- Skjenkearealet skal gå klart fram av søknaden, også ved evt. søknad om uteservering. Arealet skal vera fysisk avgrensa.

### Einskildløyve

Løyve til skjenking av øl, vin og brennevin ved einskildarrangement kan gjevast til:

- Tilskipar av einskildarrangement der skjenking er ein underordna del av eit driftsopplegg. Anna aktivitet som kultur- og/eller reiselivstilskipingar m.v. retta mot publikum over 18 år.
- Ved tildeling av einskildløyve skal søkjar sin kunnskap om alkoholova vektleggjast. For å få ei mest mogeleg profesjonell utøving av skjenkinga er det ynskjeleg at etablerte skjenkestader står for skjenkinga.
- Det vert lagt vekt på at skjenkinga ikkje må føre med seg problem med ro og orden, eller trafikkale vanskar. Uttale frå lensmannen skal verta innhenta før søknad vert avgjort, jfr. § 1-7.
- Skjenking må finna stad i eit eigna lokale eller avgrensa område som skal vera klart gjort greie for i søknaden. Arealet skal vera fysisk avgrensa.

### Ambulerande løyve

Løyve til servering av brennevin, vin og øl ved slutta lag, jf. §§ 4-2 og 4-5 kan gjevast til:

- Arrangør av slutta lag som finn stad i selskapslokale.

Mrk. lovgjevar si tolking av omgrepet "slutta lag" i merknadene til § 4-5, og unntak frå løyveplikta i § 8-9 for privatpersonar. Døme: bryllaup, konfirmasjon, jubileum.

### Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til:

- Arrangement der målgruppa er barn, ungdom og familiar.
- Arrangement som er særskilt innretta mot motortrafikantar eller idrett.

### Skjenketider

Gjeld alle løyve:

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etterat skjenketida er slutt, jfr. alkoholova § 4-4.

I retningslinene står vekedag for den dag skjenkinga startar sjølv om skjenkinga held fram til over midnatt, slik at når det er oppgjeve skjenketid fredag kl. 08.00 – 02.00, er dette frå kl. 08.00 fredag og til kl. 02.00 natt mellom fredag og laurdag.

Generelle løyve:

Alle dagar (måndag – søndag):

Brennevin: kl. 13.00 – 24.00

Vin og øl: kl. 08.00 – 02.00

Slutta lag etter ambulerande løyve eller einskildløyve:

Alle dagar (måndag – søndag):

Brennevin: kl. 13.00 – 24.00

Vin og øl: kl. 08.00 – 02.00

Utvida skjenketider

Ved særskilde arrangement kan det på visse vilkår verta gjeve løyve til utvida skjenketider innanfor lova si maksimalgrense:

- Det skal verta utøvd ei restriktiv haldning til søknader om utvida skjenketider.
- Det skal verta stilt krav om at arrangementet har vesentleg verdi for tilskipingar, publikum og lokal/regionale omsyn. Det skal òg verta lagt stor vekt på omsyn til ro og orden for ålmenta.

### Gebyrinntekter

Dei årlege gebyra som vert innkrevd i tråd med alkohollova skal uavkorta gå til:

- kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadene.
- behandlingstiltak for personar med rusproblem.
- førebyggjande tiltak.

### Kontroll

Kontroll med sal og skjenking jfr. A-lova § 1-9: Kommunen sitt kontrollutval etter alkohollova er identisk med medlemmene i formannskapet.

Sals- og skjenkekontroll

Forskrift til alkohollova skisserer at kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minst ein gang i året, men til saman pliktar kommunen å gjennomføre minst tre gonger så mange kontrollar pr. år som ein har sals- og skjenkestader.

Rådmannen skal sjå til at det er engasjert kontrollør som fører tilsyn med kvar sals- og skjenkestad i tråd med lov og forskrift.

### Sakshandsaming

Ved søknad om sals- og skjenkeløyve skal det innhentast uttale frå politi og skatte- og avgiftsstyresmakter for å sikra at verksemdar, eigarar og styrarar stettar krava som er stilt i lov og forskrift. Søknader om skjenkeløyve må gjera greie for skjenkestanden sitt driftsopplegg, areal, tilkomst m.v.

Unntak: Ved søknad om einskildløyve er det tilstrekkeleg å innhente uttale frå sosialtenesta og politiet. Ved søknad om ambulerande løyve er det tilstrekkeleg med uttale frå sosialtenesta.

### Reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter

Reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter vert å vurdera etter skjønn i kvart einskild tilfelle på grunnlag av gjeldande lover og reglar, og etter fyljande retningslinjer:

1. Ved brot på alkohollova med forskrifter eller på kommunale vedtak med heimel i lova, vert det til

vanleg reagert med ei skriftleg åtvaring ved fyrste brot.

2. Ved grove brot kan det verta reagert med inndraging av løyve i minimum 7 dagar alt ved fyrste gongs brot.
3. Som grove brot på reglane om sal/skjenking vert rekna:
  - a) Sal/skjenking til personar som er under aldersgrensa, jf. A-lova § 1-5
  - b) Sal/skjenking til personar som er openbart rusa, jf. A-lova § 8-11
  - c) Sal/skjenking utover fastsett skjenketid, jf. A-lova § 4-4.
4. Ved 2. gongs brot kan løyve verta inndrege for eit tidsrom på 2 veker – 3 månader.
5. Ved ytterlegare brot kan løyvet verta inndrege for heile løyveperioden.
6. Inndraging skal skje straks vedtaket er gyldig, det vil seia at klagefristen er ute og vedtaket er endeleg. Om ikkje anna er fastsett i vedtaket om inndraging skal inndragingsperioden starta frå tilsvarande vekedag som brotet fant stad. Vurdering av tidspunkt og lengde for inndraginga kan ta omsyn til at reaksjonen ikkje får ein uforholdsmessig verknad sett utifrå det brotet vedtaket gjeld.
7. Inndraging av løyve for eit bestemt tidsrom på døgeret, t.d. etter kl. 22.00 for ein lengre periode, kan vere eit alternativ til heil inndraging av løyvet.
8. Kontrollutvalet fattar vedtak om reaksjon på brot. Rådmannen får delegert fullmakt til å gje åtvaringar i samsvar med pkt. 1. Desse skal gjevast melding om til kontrollutvalet.
9. Er ikkje omsetnadsoppgåvene leverte innan fastsett frist, kan rådmannen inndra løyve fram til oppgåva er levert.
10. Er ikkje avgift for sal eller skjenking betalt innan fastsett frist, kan rådmannen inndra løyve fram til avgifta er betalt.
11. Brot på andre lover og reglar enn alkohollova kan òg føra til inndraging av sals- eller skjenkeløyve, jfr. alkohollova § 1-8.
12. Foreldingsfristen for brot vert etter desse retningslinene sett til 2 år.

Delegasjon av fullmakt etter alkohollova, jf. § 1-12.

Modalen kommune sitt delegeringsreglement.

#### Informasjon og samarbeid

Kommunen skal samarbeida med verksemdene som har løyve til sal og skjenking, og aktivt formidla informasjon til verksemdene, styrarar og stedfortredarar. Dette skal verta gjort direkte frå kommunen, og gjennom skjenkekontrollen. Kommunen skal tilby obligatorisk kunnskapsprøve i alkohollova.